

Kioskinstruks 2023

1. Nøklar

Nøkkel ligg i nøkkelboks ved kiosken. Lagleiar har ansvar for å låsa opp og igjen kiosken.

2. Oppmøte

Ved kamp i aldersbestemte klassar møter kioskvakt minst 30 min før kampstart. Ved seniorkampar møter kioskvakt minst 40 min før.

3. Servering

Ta med minimum ei platekake eller anna bakst. Dette må de vurdere ut frå tal spelarar og kor mykje publikum det pleier å vere på kampane. Det er vaffelrøre i kiosken som ein kan supplere med. Saft skal seljast i kaffi- eller små plastbeger – dei store plastbegera er til fruktbeger på turneringar. Pizzabollar ligg i frysaren og kan tinast i mikroen etter behov.

Dommarane får gratis saft, kaffi og eit kakeestykke.

Prisliste med vareutval heng i kiosken. Arrangementsansvarleg syter for innkjøp og at det er nok varer til ei kvar tid.

4. Fruktservering til laga i pausen

Det er for tida ikkje fruktservering. Utan kioskansvarlege har me ikkje kapasitet til å passa på at det er frukt i kiosken til kampane.

Lag ei ekstra kanne med kaffi som kampverten kan ta med og by trenarar og lagleiarar på ein kopp kaffi.

5. Opprydding

Alt bestikk eller servise som er nytta skal vaskast opp før ein forlet kiosken. Ta ut stikkontakt til kaffitraktar/vannkokar.

Avfallet i kiosken skal sorterast. Våtorganisk må tømmast etter siste kamp for dagen. Restavfall skal tømmast av dei som har golvvask. Me har avtale om at avfall skal leggest i skulen sine dunkar (står utanfor inngangen til skulekjøken/mediatek).

Golvet i kiosken skal vaskast med jamne mellomrom, sjå kampliste som heng i kiosken. Kampar merka med gult skal golvet vaskast.

Pengeskrinet står på nedste hylle i skåp lengst til venstre. Pengar frå sal vert liggande i skrinet og vert henta av arrangementsansvarleg med jamne mellomrom.

Enkelte dagar, når det er mange kampar på bana eller ein forventar meir tilskodarar enn vanleg, kan utvalet i kiosken vera litt annleis. Dette kjem arrangementsansvarleg attende til nokre dagar før og vil sende ut informasjon til dei som må trø til litt ekstra.

Ta kontakt dersom noko manglar eller de har spørsmål angående kiosksalet. Ta også kontakt om du kan tenkja deg å vera kioskansvarleg (det ideelle er at to personar deler på oppgåva).

Arrangementsansvarleg:

Anja Hamre, 908 42 397